

STATUS HAUSTEN 2026 · TIL KOMMUNESTYRA I HALLINGDAL

Prosjekt Tradisjonskultur

Folkemusikk, folkedans og tradisjonskultur for born og unge i heile Hallingdal

Tradisjonskulturen i Hallingdal har levd vidare fordi enkeltpersonar har teke vare på han. Når eldsjelene sluttar, er det ofte ingen til å ta over. Difor har kommunane gått inn som ein nøytral part som sikrar kontinuiteten, i lag med lokallaga. Målet er at alle born og unge i dalen skal møte tradisjonen i sin eigen kvardag.

634
elevar på 4.–7. trinn i ni skular, mot 223 året før

21
barnehagar med fast tilbod, om lag 580 born

143
aktivitetar i skuleåret, 69 av dei hos lokallaga

19
arrangørar i fellesannonsen hausten 2026


Kva prosjektet har gjort

Prosjektet starta som eit forprosjekt i 2025. Koordinatoren bygde opp samarbeidet med lokallaga, og i april 2026 signerte Folkemusikkveka, Sprang scene og spel- og dansarlaga ein felles samarbeidsavtale for 2026–2028. Koordinatorstillinga har heile tida vore ei halv stilling. Distriktsmusikaren vart tilsett i heil stilling 10. august 2026.

Skulane

Tilbodet er utvida frå 5. trinn til 4.–7. trinn i alle ni skulane i dalen. I haust har dei same skulane fått både folkedans og ein eigen hardingfeleturné. Alt er gratis for skulane.

Elevgrunnlag 4.–7. trinn, skuleåret 2026/2027



Barnehagane

Alle 21 barnehagane i dei seks kommunane har fått to rundar med folkemusikkbesøk. Tilbodet held fram i 2026–2029, finansiert med 900 000 kroner frå Sparebankstiftelsen DNB. Det er eit samarbeid mellom Folkemusikkveka, Sprang scene og Prosjekt Tradisjonskultur.

Folkedanskveldar og lokallag

Folkedanskveldane går på rundgang mellom alle seks kommunane, opne og gratis. 14 lag og organisasjonar er med i nettverket, med felles årshjul, felles kalender på tradisjonskultur.no og fellesannonse i Hallingdølen.

Distriktsmusikaren

Musikar på alle skule- og barnehagebesøka, speler på helsetuna og kan bookast av kommunane og laga utan kostnad i arbeidstida.

Buskerud

Ål kommune koordinerer den innleiande fasen av fylkessatsinga Tradisjonskultur i Buskerud. Så langt er 92 lag og miljø innan tradisjonskultur kartlagde i fylket. Prosjektet hentar fylkesressursar som folkemusikkverkstader frå Folkemusikksenteret i Buskerud inn i Hallingdal.

Finansiering

670 000

Fylkeskommunen 2026: Regionalt kulturfond 500 000 og koordinering i Buskerud 170 000

721 354

Kommunane 2026: Ål, Gol, Hol og Hemsedal

1 440 000

Eksterne midlar: Sparebankstiftelsen DNB, Dextra Musica, Å-fondet, Store dansespor og Buskerud folkemusikklag

Skuleturnéane er finansierte med eksterne midlar. Dei offentlege midlane ber stillingane.

Om alle seks kommunane var med

Fire kommunar finansierer prosjektet i dag, men tilbodet gjeld alle seks. Tabellen viser kva delen til kvar kommune ville vore om alle seks var med, med same totalsum og same fordelingsmodell som i budsjettet: 30 % fast del og 70 % etter folketal.

Kommune	2026 faktisk	2026 med seks	2027 budsjett	2027 med seks
Ål	175 086	150 398	241 000	183 266
Gol	177 000	151 796	244 000	184 969
Hol	177 000	143 408	231 000	174 748
Hemsedal	192 268	99 642	163 000	121 418
Nesbyen	0	113 457	0	138 252
Flå	0	62 654	0	76 346
Sum	**721 354**	**721 354**	**879 000**	**879 000**

Beløp i kroner. Budsjettet for 2027 føreset 500 000 kroner frå Regionalt kulturfond, 150 000 i eigeninnsats frå Ål kommune og 50 000 i salsinntekter.

Finansieringa framover

Prosjektet er i ein oppbyggingsfase. Målet er at det gradvis skal bere meir av seg sjølv gjennom sal av tenester til kulturskular, arrangørar og reiseliv, kostnadsdeling med arrangørane og prosjektmidlar frå andre ordningar. Etter kvart kan kommunane gå over frå faste tilskot til å betale for dei tenestene dei faktisk brukar.

2027: frå barnehagen til og med ungdomsskulen

Barnehage	1.–3. trinn	4.–7. trinn	Ungdomsskule
tre rundar i året	nytt	folkedans og hardingfele	nytt: springar i kroppsøvinga

I 2027 skal tilbodet bli eit samanhengande løp, så dei som har møtt tradisjonen tidleg, tek han opp att på ungdomsskulen. Prosjektet vil òg femne breiare enn folkemusikk og folkedans, og prøver ut pilotar som blir finansierte med eigne søknader:

- **Dokumentasjon:** intervjufilmar med eldre spelemenn, kvedarar og dansarar
- **Dialekt og målarbeid:** saman med mållaga i dalen
- **Mat, bunad og handverk:** tradisjonsmat, lokale bunadvariantar og instrumentmaking
- **Nye møteplassar:** folkemusikkpub og turiststopp med folkemusikk og folkedans

Forankra i heile dalen

- Gol, Hol, Hemsedal, Flå og Nesbyen har signert intensjonsavtalar for 2027–2029. Ål er vertskommune
- Regionrådet for Hallingdal støttar søknaden til Regionalt kulturfond 2027
- Planen for 2027 blir lagd fram for kommunalsjefane for oppvekst 20. november, med sikte på dei kommunale DKS-planane
- Kultursjefane er referansegruppe og møter prosjektet to gonger i året

I tråd med Buskerudplanen

Buskerudplanen, vedteken av fylkestinget 18. juni 2026, løftar kultur, handverk og matkultur som berarar av identitet og verdiskaping, og eit sterkare samarbeid mellom kommunane og det profesjonelle og frivillige kulturfeltet (tiltak 5.3). Planen peikar òg på at fleire kommunar ønskjer meir kapasitet og kompetanse til å støtte kulturlivet (tiltak 5.2). Det er det prosjektet gjer i Hallingdal.

Vegen vidare

Søknaden til Regionalt kulturfond om vidareføring i 2027 er send, og prosjektplanen for 2027–2029 er ettersend. Koordinatoren er føreslått utvida til 80 % i 2027, og på sikt trengst ei heil stilling. Målet er at alle seks kommunane ber tilbodet saman.

Kontakt

Prosjekt Tradisjonskultur, Ål kommune · post@tradisjonskultur.no · tradisjonskultur.no
Prosjektet kjem gjerne og orienterer kommunestyret eller utvalet.